



**HANS P.
KJORSTAD
RASMUS
KJORSTAD**

**PUSINSHI
ULLA**

- 
- A photograph showing the back and shoulder of a person wearing a light-colored shirt, standing in a field of tall, golden-brown grass. The background is a soft-focus landscape.
- 01. GURI**
 - 02. SÅ LOKKA E OVER DEN MYRA**
 - 03. SPRINGLEIK ETTER IVER STORODDEN /
SVASSHØLE II**
 - 04. HALLING ETTER REDVALD FJELLHAMMER**
 - 05. FIRETUR**
 - 06. TJORHÆLSPRINGLEIK**
 - 07. FILEFJELLEIKEN**
 - 08. SVASSHØLE I /
SPRINGLEIK ETTER IVER STORODDEN**
 - 09. SVASSHØLE III**
 - 10. MELOVITT**
 - 11. SOM DEN GYLDNE SOL FREMBRYTER**

**PRODUSERT AV ANDERS ERIK RØINE, AUDUN STRYPE, HANS OG RASMUS KJORSTAD
© TALIK 2016 // WWW.TALIK.NO**

«Fron ha stødt vore helde for den beste bygda i Gullbrandsdala og blomin millom døm, ingor bygd ha så my' go' og vokstom jor' og di meste då grendom ligg godt og lugumt te, og defor ha Fron frå langt atti medelaldra vore ei sterk bygd med innbuare som va i velmakt»

Slik skildrar Ivar Kleiven heimbygda vår i boka «Fronsbygdin» frå 1930. Denne vidopne delen av Gudbrandsdalen har ei lang og innhaldsrik historie, med kjend busetjing heilt attende til byrjinga av vår tidsrekning, først med berre nokre få gardar, seinare med rike stormenn og det politiske og religiøse midtpunktet i heile sør dalen. Ypparleg jordsmonn, gjennomfartsåra Laugen, med sitt karakteristiske grøne brevatn som strøymer stor og brei frå Jotunfjellom, den stutte vegen opp til snaufjellet med sine gode fiskevatn og mykje vilt, har gjort at jordbruks samfunnet på Fron tidleg vart eit av dei mest talrike i Gudbrandsdalen. I grenda Ryssland, som vi kjem frå, er det mange gravhaugar, og nyleg oppdagat spor etter fleire langhus. Eit av dei rikaste gravfunna frå jernalderen i Oppland er ei kvinnegrav frå år 300 grave opp på Kjorstad. I den fann dei mellom anna romerske luksusgjenstandar, noko som gjev eit godt bilet på korleis frøningane via vassvegen hadde kontakt nedover i Europa. På garden Hundorp, der folkemusikkarkivet for Midt-Gudbrandsdalen ligg i dag, budde det noko seinare ei sterk herse-aett, som rådde mellom rundt 700 og fram til 1021, då eit møte mellom Kong Olav Haraldson og Dale-Gudbrand enda

med at den eldre trua vart kasta ut til fordel for kristendomen.

Utover i mellomalderen byrjar vi å finne spor etter musikkarar på Fron, men folkemusikken er vanskeleg å datere. Vi veit at dei som reiste ut i militærteneste ofte kom attende med nye impulsar, og at det finnes felles slåtterepertoar både i store delar av Noreg og inn i Sverige. Det er uråd å veta kor gamal musikken eigentleg er, men vi har i alle fall kjelder godt attende på 1700-talet. Desse kjeldene, dei gamle bygdespelmannene, er som mytiske figurar å rekne for oss i dag. Namn som Hundorpguten og Jehans Kolla går att. Vi veit lite eller ingenting om kven dei var, men vi har slåttar som er oppattkalla etter dei.

Heldigvis har det vore gjort ein del innsamlingsarbeid på Fron. Pål Kluften (1888-1942) var typograf, spelmann, folkemusikk- og folkeminnesamlar, diktar, journalist og politikar, han var rett og slett ein av dei fremste kulturpersonlegdomane i Gudbrandsdalen på første halvdel av 1900-talet. Den viktigaste læremesteren hans var storspelmannen Iver Engum Storodden (1842-1924) frå Nord-Fron. Pål skreiv ned mange leikar etter Iver og dette er i dag ei særskilt viktig skriftleg kjel-

de. Ein sein kveld i 1896 var den svenske folkemusikkinnslaren Einar Övergaard (1871–1936) innom hjå Iver og skreiv ned 21 springleikar. Alle 21 er særeigne leikar, og nedteikningane syner at Iver Storodden var del av ein heilstøpt spelmannstradisjon. Iver spelmann, som han vart kalla, spelte med si klokkeklares og mjuke tona til dans rundt om i Fronsbygdene, samt Ringebu i sør og Vågå i nord. Han sette spelkamerat, tradisjonskjelde og ven, Nils Maurhaugen (1823–1916) høgt. Når dei spelte i lag var det sagt at «ein gret og ein snufsa». Andre viktige kjelder for «Storøyddin» var mellom anna far og son Omund (1816–93) og Jehans (1839–?) Slåstugun frå Skåbu. Jehans var ein framifrå spelmann som fekk reise til Oslo for å studere musikk, han kom oppover att med mykje reportoar, og nokon hevdar at han innførde galoppen i Gudbrandsdalen. Likevel hadde han også eit solid grep om dei gamle springleikane, som på den tida vart utfordra av nymotens dansar frå «ni landom». Jehans utvandra til Amerika i 1873, mens Omund reiste over litt seinare.

Ein annan folkemusikkinnslar, Dr. Ole Mørk Sandvik skriv dette om Heidalsspelmennene Hans Slettmo (1825–95) og Kristen Reiremo (1804–83): «*En del av Sletmoens og Kristen Reiremos musikk skal skyldes en Svasshølin fra Skåbu*». Denne Svasshølin veit vi ikkje kven er. Sannsynlegvis er det anten Omund eller Jehans Slåstugun. Hans Slettmo skal i følgje

kjelder ha kome heim med «tretten og tjuge», altså 33, leikar frå Fron. Ei anna kjelde til Hans Slettmo var Ola Holte, eller Slovarp (1820–1909) frå Venabygda. Holte skal ha hatt noko av musikken sin etter gamle Jehans Kolla. Per Sletten (ca. 1780–?) frå Kvam lærte bort fleire leikar til Kristen Reiremo, mellom anna melovitten vi spelar. Dette syner kor mykje kontakt det har vore mellom Fronsbygdene og bygdene nordafor, spesielt Heidal.

Ei anna stor kjelde Pål Kluften fekk fram i Ijoset var Kristian P. Åsmundstad (1885–1976) frå Kvikne. Vi kan trekke tradisjonslinene frå Kristian attende til oldemor hans, Lisbet Olsdotter (1779–1857), som song gamle salmesongar. Noko av denne musikken er også heilt sikkert enda mykje eldre. Onkelen hans, Olav Åsmundstad, var ei viktig kjelde for O.M. Sandvik. På repertoaret til Kristian var det både salmar, viser og balladar, i tillegg til at han hulla leikar, eller som han sa det sjølv: «Det va nå en del gamle stubbe og en del våsviso e song». Eit godt døme på det siste kan vera det følgjande verset: «raute, skaute, ku, kom skinn, kom skinn frå ushishi ulla, pusinshi ulla, pusinshi ulla brann»

Brørne Redvald (1915–90) og Hjalmar (1922–2006) Fjellhammer frå Øverbygda i Sør-Fron hadde mesteparten av repertoaret sitt frå faren Jonas Johansen Dokken (1883–1957). Jonas spelte saman med og høyrde mange kjende spelmenn, og mellom anna

var Ingebret Nerli (1874–1946) frå Sør- Fron ei viktig kjelde. Bestefaren til Ingebret Nerli var spelmannen Emort Pinlykkjun (1810–1892) frå Fåvang. Då er vi godt attende i tid. Erik Bjørke (1965–) og Rasmus Stauri (1949–) gjorde mykje av arbeidet med å ta vare på Fjellhammertradisjonen. Heldigvis var Redvald og Hjalmar generøse nok til å gjeve musikken vidare. Det har diverre ikkje vore tilfellet med alle eldre spelmenn, og vi veit at ein del slåttar har vorte borte berre i løpet av dei siste 30 åra. Redvald og Hjalmar spelte inn fleire hundre opptak til saman, og er i dag rekna for å vere dei største kjeldene for folkemusikk i Midt-Gudbrandsdalen. Dokkakarane hadde eit nært tilhøve til naturen, dei var fiskarar og friluftsmenneskje. Slik som det var vanleg hjå generasjonane fyry, hadde dei stortru på både huldra og andre underjordiske. Mens det meir eller mindre moderne samfunnet etablerte seg på Fron, livde dei nok att i den gamle tida, dei var originalar.

Denne tradisjonen har vi vokse opp med. Alle historiene vi er vorte fortalt frå heimbygda vår, landskapet og naturen, arkitekturen, oldsakene, språket, samt sjølvsagt tradisjonsmusikken, let oss sjå ting i eit større perspektiv, noko som inspirerer oss til å (gjen-) skape musikken. Den norske folkemusikktradisjonen kjem til sin beste rett i soloformatet. Det er fordi leikane ofte har ei enkel grunnform som gjennom ornamentikk, større

og mindre variasjonar, samt personlege særtrekk kva gjeld tonalitet og rytmikk, vert til mykje meir avansert og impulsiv musikk. Saman med kveding, eller «å synge gåmålt», som Kristian P. Åsmundstad kalla det, er felemusikken noko av det mest særeigne kulturelle uttrykket vi har her til lands. Historia til den arrangerte folkemusikken i Noreg er mykje mindre interessant. Den norske folkemusikken fekk på eit tidspunkt impulsar frå klassisk europeisk musikk, eller var det omvendt, uansett så tok nasjonalromantikken form. I det nasjonalromantiske uttrykket forsvinn dei viktigaste elementa i folkemusikken, nemleg den skeive tonaliteten, dei asymmetriske rytmene og dei ujamne periodane. Musikken vert meir straumlineforma og mindre eigenarta. Ved å ikkje bestemme så alt for mykje rundt arrangementa, gjer vi eit forsøk på heller å opne opp for det individuelle uttrykket hjå den som spelar slåtten, og håpar slik sett at den kan frigjerast. God lytting!

Hans og Rasmus



“Fron has always been held up as the best village in Gudbrandsdalen and as the flower among them, no other village has as much good and fertile ground and the majority of the villages are well and cosily situated, and therefore Fron has, from as far back as the middle ages, been a strong village with powerful inhabitants.”

This is how Ivar Kleiven depicts our home village in the book, “Fronsbygdin” from 1930. This wide-open part of Gudbrandsdalen has a long and eventful history, with known settlement going right back to Roman times, firstly with just a few farms, later there were rich noblemen and the political and religious centre of the whole of the southern valley. Superb conditions for agricultural cultivation, the main water-way Laugen, with its characteristic green glacial water that streams big and wide from Jotunheim mountains, the short road up to the hills with good fishing lakes and a lot of game, has meant that the farming community at Fron early on became one of the most numerous in Gudbrandsdalen. In the hamlet of Ryssland, where we come from, there are many burial mounds, and newly discovered traces of several longhouses. One of the richest grave findings from the Iron Age in Oppland is a woman's grave from year 300, unearthed at Kjorstad. In it they found, among other things, Roman luxury items, which gives a good picture of how people from Fron had contact with Europe via the waterways. On Hundorp farm, where the folk music archive for

Midt-Gudbrandsdalen is today, there lived, somewhat later, a strong ruling family, who ruled from 700 up until 1021, when a meeting between the king Olav Haraldsson and Dale-Gudbrand ended with the older beliefs being thrown out in favor of Christianity.

During the Middle Ages, we start to find traces of musicians in Fron, but the folk music is difficult to date. We know that those who traveled for military service often came back with new impulses, and that there is a common repertoire of tunes both in large parts of Norway and in Sweden. It is impossible to know how old the music actually is, but we have in any case sources going well back into the 1700s. These sources, the old village fiddlers, are like mythical figures for us today. Names such as Hundorpguten and Jehans Kolla have endured. We don't know much about them, but we have tunes that are named after them.

Luckily, a good deal of field work has been done with collecting music from Fron. Pål Kluften (1888–1942) was a typographer, fiddler, folk music and folklore collector, poet, journalist and politician, he was quite simply one of the leading cultural personalities

of Gudbrandsdalen in the first half of the 1900s. His most important mentor was the great fiddler Iver Engum Storodden (1842–1924) from Nord-Fron. Pål wrote down many tunes from Iver and this is an extremely important written source today. One late evening in 1896, the Swedish folk music collector Einar Övergaard (1871–1936) was visiting Iver and wrote down 21 springleiks. All 21 are distinctive tunes, and these transcriptions show that Iver Storodden was part of a solid fiddling tradition. Iver Spelmann, as he was known, with his crystal clear and gentle tone, played for dancing around the Fron villages, as well as Ringebu in the south and Vågå in the north. He greatly admired his fiddling companion, tradition source and friend, Nils Maurhaugen (1823–1916). When they played together, it was said that “one cried and one sniffled.” Other important sources for “Storøyddin” were, amongst others, father and son, Omund (1816–1893) and Jehans (1839–?) Slåstugun from Skåbu. Jehans was an excellent fiddler who got to travel to Oslo to study music. He took much repertoire northwards with him, and some claim that he introduced the galopp to Gudbrandsdalen. He nonetheless had an outstanding understanding of the elderly springleiks, which at that time was challenged by new-fashioned dances from abroad. Jehans emigrated to America in 1873, while Omund traveled over a little later.

Another folk music collector, Dr. Ole Mørk Sandvik wrote this about the Heidal fiddlers, Hans Slettmo (1825–1895) and Christian Reiremo (1804–1883): “A part of Sletmoen’s and Christian Reiremo’s music is the result of a Svasshølin from Skåbu”. We do not know who this Svasshølin is. He is quite possibly either Omund or Jehans Slåstugun, and Hans Slettmo should, according to sources, also have come home with “thirteen and twenty”, i.e. 33, tunes from Fron. Another source of Hans Slettmo was Ola Holte, or Slovarp (1820–1909) from Venabygd. Some of Holte’s music was in the tradition of the old Jehans Kolla. Per Sletten (ca. 1780–?) from Kvam taught several tunes to Kristian Reiremo, amongst others melovitten, which we play. This underlines just how much contact there has been from Fron northwards, especially to Heidal.

Another major source Pål Kluften brought into the light was Kristian P. Åsmundstad (1885–1976) from Kvikne. We can trace the lines of tradition from Kristian right back to his grandmother, Lisbet Olsdotter (1779–1857), who sang old psalms. Some of this music is most likely even much older. His uncle, Olav Åsmundstad, was an important source for Dr. O.M. Sandvik. Kristian’s repertoire contained psalms, traditional songs, ballads, and he also diddled tunes, or as he said himself: “Well, I did sing a bunch of old song stumps and ditties.”

The brothers Redvald (1915–1990) and Hjalmar (1922–2006) Fjellhammer from Øverbygda in Sør-Fron had most of their tradition from their father, Jonas Johansen Dokken (1883–1957). Jonas played together with and heard many notable fiddlers, and amongst them was Ingebret Nerli (1874–1946) from Sør-Fron, an important source for Jonas. Ingebret Nerli's grandfather was the fiddler, Emort Pinlykkjun (1810–1892), from Fåvang. We're speaking about way back in the day now. Erik Bjørke (1965–) and Rasmus Stauri (1949–) did a lot of work in collecting the Fjellhammer tradition. Luckily, Redvald and Hjalmar were generous enough to pass the music on to the next generation of fiddlers. Unfortunately, that has not been the case with all of the elderly fiddlers, and we know that tunes have been lost during these last 30 years. Redvald and Hjalmar did several hundred recordings and are today reckoned to be the largest sources of folk music in Midt-Gudbrandsdalen. The Dokka brothers had a close relationship with nature. Just like the generations before them, they had a strong belief in the underworld. While the more or less modern society established in Fron, they continued to live like in the old days, they were true originals.

This is the tradition we grew up with. All the stories we have been told about our home area, the landscape and nature, the architecture, the antiquities, the

language, and of course the traditional music, let us see things in a broader perspective, which again inspires us to (re-) create the music. This folk music tradition comes into its own when played solo. That's because the tunes often have a simple basic form which via ornamentation, greater or lesser variations, as well as personal characteristics as regards tonality and rhythm, result in much more advanced and impulsive music. Together with kveding, or "to sing in the old way" as Kristian P. Åsmundstad calls it, fiddle music is some of the most distinctive cultural expressions we have. The history of arranged folk music in Norway is much less interesting. At one point, Norwegian folk music got impulses from European classical music, or was it the other way around, nevertheless; the national romantic music took shape. With this national romantic expression, the most important elements of the folk music disappear, namely the peculiar tonality, the asymmetrical rhythms and the irregular periods. The music became more streamlined and less distinctive. By not deciding too much regarding the arrangements, we try to open up for the individual expressions from the one playing the tune, and in that way we hope that it can be liberated. Happy listening!

Hans and Rasmus

01. GURI (5:07)

Lydarslått nedteikna av Pål Kluften

02. SÅ LOKKA E OVER DEN MYRA (3:37)

Bånsull etter Kristian P. Åsmundstad

03. SPRINGLEIK ETTER IVER STORODDEN / SVASSHØLE II (4:24)

Ein springleik lært av Erik Bjørke og ein springleik nedteikna av O.M. Sandvik

04. HALLING ETTER REDVALD FJELLHAMMER (3:12)

Denne har vi lært mest av Erik Bjørke

05. FIRETUR (1:12)

Etter Jehans Slåstugun, lært av Erik Bjørke

06. TJORHÆLSPRINGLEIK (3:11)

Springleik på Tjorhælstillet, der felene er stemt F-D-A-E.
Den er etter Jehans Slåstugun, vi har lært den av Erik Bjørke.

07. FILEFJELLEIKN (2:50)

Springleik etter Iver Storodden

08. SVASSHØLE I / SPRINGLEIK ETTER IVER STORODDEN (4:42)

To springleikar lært av Erik Bjørke

09. SVASSHØLE III (2:10)

Springleik nedteikna av O.M. Sandvik

10. MELOVITT (4:20)

Etter Per Sletten, nedteikna av O.M. Sandvik

11. SOM DEN GYLDNE SOL FREMBRYTER (7:30)

Salmetone etter Kristian P. Åsmundstad

TOTALT 42:15

Spelt inn 12.–14. april 2016 i Jønnbu Fjellkyrkje, Bø i Telemark
Produsert av Anders Erik Røine, Audun Strype, Hans og Rasmus Kjorstad
Opptak, miks og mastring: Audun Strype
Foto: Johannes Selvaag
Grafisk design: Lasse Marhaug
Engelsk omsetjing: Sarah-Jane Summers

Alle låtane er trad.
Alle arrangement av Hans P. Kjorstad, utanom spor 2, 4 og 7,
som er arrangert av Hans P. Kjorstad og Anders Erik Røine

Hans og Rasmus Kjorstad spelar fele
Anders Erik Røine spelar langeleik på spor 2 og munnharpe på spor 4 og 7

Takk til mor og far, Guro og Ola, Anders for nydelege musikalske bidrag og tru på prosjektet, «onkel» Audun for usedvanleg dedikert arbeid med å lage ei progressiv folkemusikkplate, alle i Harpefoss spelmannslag og Sør-Fron spelmannslag, Josse og Lasse for det visuelle uttrykket, Jørn for instrumenta, Asgaut, lærarar og folk vi spelar saman med. Ein særskild takk til Erik Bjørke som inspirerer oss til å halde på med denne musikken.

Støtta av Norsk kulturråd, Harpefoss spelmannslag, Sør-Fron spelmannslag,
Sparebank1 Gudbrandsdal, Fron historielag, Gudbrandsdal folkemusikklag,
Sør-Fron kommune, Nord-Fron kommune.



